



Kviteeid kommune

FORSKRIFT FOR GODTGJERSLE OG PERMISJON FOR FOLKEVALDE I KVITSEID KOMMUNE.

Vedteke i kommunestyret 13.06.2019 med verknad for perioden 2019-2023.

1 FAST GODTGJERSLE

1.1 Ordførar

Ordførar si faste godtgjersle skal vera 85% av den fastsette godtgjersla til stortingsrepresentant (ved 100% stilling.)

Godtgjersla dekkjer all verksemd som ordførarvervet fører med seg.

Ordføraren får full dekning for kommunal mobiltelefon.

Ordføraren blir meld inn i KLPs pensjonsordning.

Ordføraren får godtgjersle for 1 månad etter avslutta periode. Dersom ordføraren ikkje går tilbake til gamal stilling eller går inn i anna inntektsgjevande arbeid etter avslutta periode, kan det —etter søknad - bli utbetalt godtgjersle på inntil 3 månader.

Ordførar på heiltid har dei same rettar som andre tilsette i kommunen, og dette gjeld ut ein ev etterlønperiode. Reglane i hovudtariffavtala for kommunal sektor kap. 1, § 10 - Ytingar etter dødsfall/ gruppelivs-forsikring gjeld òg for ordførar. Kommunen teiknar forsikring for dette.

1.2 Varaordførar.

Varaordføraren si godtgjersle blir sett til 10% av ordføraren si faste årsgodtgjersle. Dette inkluderer verva i formannskap og kommunestyret.

2. MØTEGODTGJERSLE

Alle medlemmer og varamedlemmer som møter, med unntak av ordførar/varaordførar, får møtegodtgjersle.

Møtegodtgjersla er i prosent av ordførarløn.

2.1 Medlemmer i formannskapet

0,2% av ordførarløn inkl. reisetid

2.2 Medlemmer i kommunestyret:

0,15% av ordførarløn inkl. reisetid

2.3 Kontrollutval:

Leiar får fast godtgjersle på 1% av ordførarløn

Medlemmer i kontrollutvalet får 0,1 % av ordførarløn

2.4 Mellombels-/Ad-hoc utval oppnemnd av kommunestyret:

Medlemmer får 0,1% av ordførarløn



2.5 Andre lovpålagte råd/nemnder

Medlemmer får 0,1% av ordførarløn

2.6 Representantar

Politisk oppnemnde representantar i styret for ei kommunal eller kommunal verksemd eller institusjon, der representantane ikkje får godtgjering direkte frå verksemda: 0,1% av ordførarløn per møte.

2.6 Tillitsvalde

Det blir ikkje gjeve møtegodtgjering til tillitsvalde som har ein kommunal stillingsprosent som tillitsvald. Andre tillitsvalde i partssamansette utval: 0,1% av ordførarløn per møte.

3 TAPT ARBEIDSFORTENESTE

Det vert etter søknad gjeve erstatning for tap av inntekt for møte og andre oppdrag på vegne av politiske organ for inntil 7,5 time pr. dag. Tida er inkludert reise til og frå møtestaden. Hovudregelen er at det må ha funne stad eit faktisk tap av inntekt – dvs. trekk i løn. På linje med faktisk tap av inntekt reknast også når heimearbeidande, studentar, pensjonistar og frilansarar må forsøme sine vanlege gjeremål for å utføre vervet.

Dekking av tapt arbeidsforteneste blir som hovudregel gjeve i tidsrommet mellom kl. 8.00 og 17.00. Eit årsverk er rekna til 1950 timar og ikkje over 7,5 t pr. dag. Kommunale arbeidstakarar får som hovudregel ikkje dekt tapt arbeidsforteneste for politisk arbeid, med fylgjande unntak:

Når ein folkevald som er kommunalt tilsett i X% stilling og har resten av arbeidet sitt i eiga verksemd, møter på tider utanom si kommunale arbeidstid, kan han/ho få dekt sitt reelle tap (legitimert sats.)

Når ein kommunal tilsett går i turnus, og møter i fritida si, kan han/ho få dekt sitt reelle tap (legitimert sats).

3.1 Legitimert krav

Satsen gjeld møte inkl. reisetid og er avgrensa til kr 3 000 per dag. Lønsmottakar legg fram stadfesting frå arbeidsgjevar på at vedkommande vert trekt i løn. Denne skal inkludere trekk i løn, tapte feriepengar og eventuelle andre lønstap.

Sjølvstendige næringsdrivande legg fram likningsattest/næringsoppgåve og eigenerklæring på forventa inntekt.

3.2 Refusjon frå arbeidsgjevar

Arbeidsgjevar kan sende refusjonskrav til Kviteseid kommune om tapt arbeidsforteneste under fylgjande føresetnader:

Utgifter til naudsynt vikar for folkevalde som er kommunalt tilsette, skal dekkast frå konto for politisk verksemd. Utbetaling skjer etter rekning frå einingsleiar. Det må gjerast ei avtale mellom Kviteseid kommune og arbeidsgjevaren/einingsleiar om refusjonskrav. Formannskapssekretæren har ansvar for dette.



Kviteseid kommune

Til grunn for refusjonskravet skal ligge løn, feriepengar + sosiale utgifter. Satsen gjeld møte inkl. reisetid og er avgrensa til kr 3 000 per dag. Refusjonskrav skal leverast to gonger i året, innan 30.6 og innan 31.12.12

3.3 Ulegitimerte krav

Dette gjeld dei som ikkje kjem inn under pkt 3.1 og 3.2. Satsen er kr 200 per time møtet varar, inkl. reisetid, men avgrensa til kr 1 500 per dag.

4. OMSORGSGODTGJERSLE

For dokumenterte utgifter til omsorgsoppgåver i heimen blir det gjeve kr 150 per time møtet varar pluss reisetid, men avgrensa til kr 600 per dag. Den einskilde representanten må setja fram krav om dette.

5. REISE- OG KOSTGODTGJERSLE

Det blir gjeve reise- og kostgodtgjersle etter reglane i det kommunale reiseregulativet. Grunnlaget for kostgodtgjersle er avstand frå heimen til møtestaden. Det blir ikkje gjeve kostgodtgjersle i samband med kommunale møte.

6. Folkevalde sin rett til permisjon – kommuneloven § 8-10.

Folkevalde som har vervet som hovudinntekt – det vil sei ordførar, kan berre få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10 (svangerskap, fødsel, omsorg for born og nærstående i livets slutfase), 12-12 (militærteneste) og 12-15 (høgtider i andre religionar). I samband med slik permisjon har den folkevalde same rett til si godtgjersle i vervet som gjeld for tilsette i kommunen.

7. TOLKING

Vurdering av einskildtilfelle som ikkje blir dekket av dette reglementet eller tvil om tolking, er lagt til formannskapet.

8. REGULERING

Reglementet og satsar skal vurderast/handsamast av kommunestyret i slutten av kvar kommunestyreperiode.